

► innspel

Tønnes Fausi nr 6/96 27 mai 96

Sanninga om vinterkrigen

Etter meir enn femti år med logner og forteiingar seier unge russiske historikzarar nå sanninga om den finske vinterkrigen frå 30. november 1939 til 13. mars 1940. Det var Sovjetunionen som gjekk til krig. Den første artillerielden kom frå sovjetisk side. Stalin hadde som mål å sovjetisere heile Finland og plante det sovjetiske flagget på grensa til Sverige. Det var planlagt i detalj kor fort den sovjetiske armeen skulle ta seg fram, når det sovjetiske flagget skulle heisast over den finske riksdagen og korleis det skulle takast hand om finske krigsfangar. Det låg jamvel føre retningsliner for korleis den sovjetiske armeen skulle oppføre seg mot dei svenske grensetroppane.

Dette går fram av referatet frå ein konferanse finske og russiske historikarar hadde sist haust. Referatet er trykt i det russiske historietidsskriftet Rodina, og det var dei unge russiske historikarane som tok bladet frå munnen og sa frå om kva arkiva fortel. Dei unge historikarane ser ingen grunn til å halde fast på dei stalinistiske bortforklaringane av ein mili-

tær-strategisk fiasko som ikkje har vorte nemnd med ei line i skoleboker og oppslagsverk fordi det var for pinleg, og finnane har tagt av omsyn til det farlege grannelandet.

Stalin hadde ikkje rekna med at Finland skulle forsvere seg så tapert og med så stor militær slagkraft som verda vart vitne til. Nå får vi hoy-



**Spørsmålet
er nå kva
som skal
skje med
Karelen**

Herbjørn Sørebø

re at den sovjetiske armeen var i mildt sagt därleg skikk. Soldatane var bygutar som var redde for dei finske skogane. Dei hadde därlege sko og automatvåpen som delvis var ubrukelege i den strenge kulden. Stridsmoralen var heller ikkje god. Det blir

førtalt om avrettingar av befal, og fleire offiserar som gjorde sjolvord.

Sovjet hadde berre forakt for kvit-finnane og marskalk Mannerheim - ein gong general i tsarens armé. Nå blir både marskalk Mannerheim og soldatane hans omtala med heider. Det fall 23 157 finske soldatar. Sovjet hadde i overmot planlagt å internere 20 000 finske krigsfangar, men tok berre 800. Det gjekk verre på sovjetisk side. Pavel Aptekar frå det statlege militærarkivet i Moskva har funne fram namnet på i alt 131 476 sovjetiske soldatar som fall i strid, døydde av krigsskade eller vart borte, men han saknar opplysninigar om mange. Både Pavel Aptekar og finske historikrar meiner at vinterkrigen kosta 150 000 sovjetiske soldatar livet.

Dei finske krigsfangane vende heim att som heltar. Dei 5 615 sovjetiske soldatane som finnane sende heim att fekk ein annan lagnad. Det ligg føre opplysningar om at 158 vart avretta for svikferd i krigen. 450 såra eller sjuke tok forsvarsmi-

nisteriet seg av, og resten fekk fengsel frå fem til åtte år. Kanskje miste dei seinare livet under ein fangetransport.

I verdshistoria finst det ikkje noko motsvarande dome på at eit land med fire millionar menneske har berga sjolvstendet i krig med ei stormakt med 200 millionar. Og korleis hadde det gått dersom Finland hadde gjeve opp utan å forsvere seg med våpenmakt? Det skal vi ikkje vere i tvil om. Finland hadde vorte sovjetisert slik som dei baltiske statane. Like etter at Sovjet hadde gått til krig mot Finland skreiv Stalin ein avtale med den finske quisling-regjeringa som hadde Otto Kuusinen som «statsminister». Mykje tyder på at det var ein hemmeleg tilleggs-protokoll der Otto Kuusinen kan ha gått med på at Finland skulle sluttast saman med Sovjet-Unionen.

Spørsmålet er nå kva som skal skje med Karelen, som finnane måtte gje frå seg etter det mislykka forsoket på å ta att det tapte med tysk hjelp frå 1941 til 1944. Somme finnar vil ha Karelen tilbake, andre ikkje. Det bur 400 000 russarar der nå, og forfallet er så stort at det kjem til å koste enorme summar å gjere området til den perla i den finske nasjonen som det ein gong var.